



Jobbnorge-ID: 132034

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Driftsleiar (feltleiar arkeologi - B) - 2 årig prosjekt

Universitetsmuseet i Bergen har forskning og formidling som kjerneoppgåver, saman med innsamling, dokumentasjon og vern. Museet har fagfelte antropologi, arkeologi, kunst- og kulturhistorie, botanikk, geologi og zoologi. Til museet ligg og ansvaret for to botaniske hagar. Universitetsmuseet har omfattande vitskaplege samlingar og er eit nasjonalt formidlingssentrum. Museet har om lag 120 årsverk. Nærare informasjon om museet finn ein her: <http://www.uib.no/universitetsmuseet>.

Ved Fornminneseksjonen, Avdeling for kulturhistorie, Universitetsmuseet, Universitetet i Bergen, er det frå 02.05.2017 ledig ein 2-årig prosjektstilling som arkeolog. Stillinga kan verte forlenga. Stillinga er eksternt finansiert (prosjektmidlar) og knytt til den lovpålagde utgravingsverksemda ved Universitetsmuseet i Bergen.

Fornminneseksjonen har ansvaret for forvaltningsinitierte arkeologiske undersøkingar innfor Universitetsmuseet i Bergen sitt distrikt (Hordaland, Sogn og Fjordane og Sunnmøre). I tillegg er seksjonen delegert ansvar for forvaltninga av bergkunstlokalitetar innfor sitt forvaltningsområde. Seksjonen er elles rådgjevar for Riksantikvaren, fylkeskommunane, Sametinget og andre samarbeidspartnarar.

Stillingsomtale:

Driftsleiar vil fungere som feltleiar under gjennomføringa av arkeologiske steinaldergranskingar knytt til *prosjekt Sotrasambandet*, Fjell kommune, Hordaland. Feltleiar vil få ansvar for utgraving og dokumentasjon av ein lokalitet med busettingslag frå sein eldre og tidleg yngre steinalder (seinmesolitikum og tidlegneolitikum). Lokaliteten ligg i utmark og er lite forstyrta av seinare aktivitet på staden. Det er ved registreringa påvist ein kompleks stratigrafi med bevarte kulturlag. Innfor lokaliteten synes dei seinmesolitiske og tidligneolitiske busettingane å fordele seg på to ulike nivå. Ein kan forvente å avdekke bevarte strukturer i form av eldstadar og bustadkonstruksjonar. Feltleiar vil ha dagleg ansvar for 4-6 feltassistentar. Etterarbeidet omfattar katalogisering av funn, handsaming av prøvemateriale til analyser og magasinering og skiving av feltrapport. Undersøkinga av lokaliteten vil strekke seg over to sesongar og skal avsluttast med ein ferdig feltrapport i løpet av våren 2019. Stillinga er fagleg og administrativt underordna prosjektleiar og prosjektassistent, og feltleder rapporterer til disse i felt og i etterarbeid. Stillinga inneber tett samarbeid med den som er ansvarleg for formidling og samarbeid med fagpersoner innanfor vegetasjonshistorie og osteologi.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

Søklarane må ha:

- mastergrad eller tilsvarende kompetanse i arkeologi
- elementære IT-kunnskapar
- god formuleringsevne, munnleg og skriftleg, i både norsk og engelsk
- arkeologisk feltkompetanse innfor steinalder

Det vert særleg lagt vekt på:

- erfaring frå leiing og rapportering av steinaldersundersøkingar
- erfaring frå steinalderundersøkingar med kulturlag og strukturar
- erfaring frå katalogisering av steinaldersfunn

Det er vidare ønskjeleg at søklarane har:

- kompetanse innan digital feltdokumentasjon (totalstasjon/GPS, ArcGIS, Intrasis)
- erfaring frå digital funnkatalogisering (MUSIT - funndatabasen)
- god kjennskap til vestnorsk littisk materiale
- erfaring frå bruk av gravemaskin i avdekking av kulturlag og strukturar
- førarkort for bil

Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Stilling som driftsleiar (kode 0400) i lønnssteg 49 - 55 etter kvalifikasjonar (for tida kr 425.900 - 470.000) i det statlege lønsregulativet
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar kan ein få frå Fornminneseksjonen, Universitetsmuseet i Bergen, v/seksjonssjef Asle Bruen Olsen, tlf. 55 58 29 32, e-post: asle.olsen@uib.no eller prosjektleiar Leif Inge Åstveit, tlf. 55 58 30 36, e-post Leif.Astveit@uib.no
Stillinga vert lyst ut med atterhald om kontraktgodkjenning av prosjektet

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjer som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad og CV skal sendast elektronisk via link på denne sida «Søk stillinga» til Universitetet i Bergen. Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom søkjaren får melding om det.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Søknadsfrist: 16.01.2017

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: